

## Lett og fin tur på Torpoåsen



Frå parkeringa går det fin stig på utsida av Fjelldokkstølen der Torpe har hovudsete for sine rideturar.

Det går ein del stigar på kryss og tvers, fylg merka stig fram til høgaste punktet som er Hellingreset 1110 moh. Her er det panoramautsikt til Hemsedalsfjella, Golsfjellet, Hallingskarvet og Ålingsfjella.

Terrenget er lett og fint og passar for heile familien. Det er ca 2 km opp til toppen. Turen kan lett forlengast, for å gå ein rundtur kan ein til dømes gå vestover til Tjukkekjørr og følgje veg eller stig attende til startpunktet.

Frå og med sommaren 2016 er fleire stigar i området skilta og merka av utmarkslaga.



Alt. 1: Frå Torpo kyrkje til Opheim, fylg Nordre Volelivegen til krysset til Tjukkekjørrvegen (10 km frå bommen i Oppheim).

Alt. 2: Køyr Søre Volelivegen frå Lien, forbi Syningen og gjennom Volelia til parkeringa (13 km frå Lien). Bomveg.



Ved grustaket i Tjukkekjørrkrysset.




4 km t/r. 980 - 1110 moh.



I fjellsida mellom Hellingreset og Volelia er det registrert større kolframstillingsanlegg, jernvinnearnlegg og fangstlokalitetar.



Lett og fin stig.



For meir detaljert kart: Tur- og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60 000

